



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato
17.08.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/10191
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Nytt sakshandsamingssystem AGROS og belastningsfullmakt

15. august 2018 opna det nye elektroniske systemet AGROS for handsaming av søknader som gjeld tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Tidlegare har kommunen handsama desse søknadene på papir, og sendt dei vidare til Fylkesmannen for utbetaling. No skal søkjar sende inn søknaden elektronisk via skjema i Altinn. Sakshandsamar i kommunen handsamar desse sakene elektronisk og sender dei vidare til godkjenning av ein person i kommunen med budsjettfullmakt. Utbetalinga blir gjort av Landbruksdirektoratet.

Vi treng difor namn på to personar i kommunen som skal ha tilgang til fagsystemet AGROS:

- Ein person som er sakshandsamar og som gjer vedtak
- Ein person med budsjettfullmakt som skal godkjenne vedtaket i AGROS og dermed godkjenner utbetalinga

Belastningsfullmakt

I tråd med Økonomireglementet i staten har Landbruksdirektoratet gitt Fylkesmannen belastningsfullmakt for dei tilskotsordningane der Fylkesmannen har vedtaksmynde. Fylkesmannen skal gje kommunen belastningsfullmakt der kommunen har vedtaksmynde. Med dette gjev Fylkesmannen kommunen belastningsfullmakt for ordninga «Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.». Dette mynde skal forvaltast av ein person som har budsjettansvar i kommunen. Midlane i denne ordninga vert trekt frå ei sentral ramme.

Informasjon om fagsystemet AGROS med brukarretteiingar finn de på Landbruksdirektoratet sine sider www.landbruksdirektoratet.no. Dette er også sendt på e-post til saksansvarleg i kommunen. Fagansvarleg for ordninga hos Fylkesmannen er Sonja Ramsvik og det er Silje Anette Lyhammer som gjev tilgangar i fagsystemet AGROS. De må gjerne kontakte dei dersom de har spørsmål om det nye systemet.

Kontaktinformasjon

- Sonja Ramsvik: e-post fmhosra@fylkesmannen.no Telefon 55 57 21 56
- Silje Anette Lyhammer: e-post fmhosil@fylkesmannen.no Telefon 55 57 21 51

Vi ber om tilbakemelding innan 1. september på kven som skal ha ulike tilgangar i AGROS. De kan sende dette på e-post til Silje Anette Lyhammer på fmhosil@fylkesmannen.no.

I ein overgangsfase vil det framleis vere høve å sende inn søknader i papirformat, men dette vil bli avslutta i løpet av hausten.

Med helsing

Rune Fjeld
ass fylkesmann

Åse Vaag
landbruksdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.